

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Dato: 11.10.2018
Vår ref.: 2018/14745-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.: 18/476 - 18/5924

Kulturminnefagleg fråsegn i samband med søknad om grøfting på gnr. 55 bnr. 10 Skjelanger - Meland

Me viser til brev datert 04.10.18 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld søknad om tilskot til omattgrøfting på garden Skjeland i Meland kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med viste grøftetrase. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.